

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 30.09.2020

Vår ref.: 202008493-2

Arkiv: 311

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Cathrine Kristoffersen

41425674/ckr@nve.no

Høyring av konsesjonspliktavurdering av vatn uttak frå spillvatn til produksjon av postsmolt - Fitjar kommune - Vestland

NVE har motteke melding frå Lerøy Sjøtroll Kjærelva, datert 20.07.2020, om førehandsvurdering av konsesjonsplikt for uttak av spillvatn frå Fitjar kraftlag sitt anlegg til postsmoltanlegg på Årskog, Fitjar kommune i Vestland fylke. Kopi av meldinga er lagt ved.

Meldinga skal behandlast etter vassressurslova § 18 og vurderast etter vassressurslova §§ 8 og 10. NVE skal på bakgrunn av meldinga vurdere om tiltaket kan føre til skader og ulemper av eit slikt omfang for allmenne interesser, at det oppstår konsesjonsplikt etter vassressurslova.

Kva gjer du dersom du ønskjer å uttale deg?

NVE ser helst at uttalar vert sendt elektronisk til nve@nve.no så snart som råd og seinast innan:

20.11.2020.

I tillegg kan du sende uttalar per post til NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 Oslo. Uttalar, eller delar av uttalar vil bli referert i eit endeleg vedtak.

Dersom de har problem med å rekke høyringsfristen på grunn av koronaviruset ber vi om at de snarast tek kontakt med saksbehandlar og søker om utsett høyringsfrist. De kan også finne informasjon om fristar på nettsidene våre: <https://www.nve.no/nytt-fra-nve/andre-nyhetssaker/nves-frister-gjelder-som-normalt-soknader-behandles-enkeltvis/>.

Informasjon til høyringspartane

Vi ber kommune informere om kjende allmenne interesser kan bli påverka av tiltaket, og eventuelle andre faktiske forhold som kan vere av betydning. Eksempel på allmenne interesser kan vere friluftsliv, kulturminner, verdifulle naturtypar, raudlista artar og informasjon om vilt. Eksempel på faktiske forhold av interesser kan vere informasjon om planstatus, eksisterande vassuttak osv. Eksempla nemnt ovanfor er ikkje uttømmende.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord
Kongens gate 52-54
Capitolgården
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



Vi ber Fylkesmannen og fylkeskommune om å vurdere om kjende allmenne interesser kan bli påverka, og i tillegg om å vurdere tiltaket opp mot sine sektorlover.

Vi ber høyringspartane om å vurdere kunnskapsgrunnlaget i forhold til naturmangfaldlova § 8 og om ei grunngjeve vurdering av om det er naudsynt med ein synfaring i denne saka.

NVE vil prøve å koordinere ei eventuell synfaring av området med Fylkesmannen. Vi vil orientere kommunen og fylkeskommune om tidspunkt for synfaringa, slik at dei kan delta om dei ønskjer det.

Med helsing

Gry Berg
seksjonssjef

Cathrine Kristoffersen
seniorrådgiver

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg: Melding om tiltaket

Mottakerliste:

Fitjar kommune
FYLKESMANNEN I VESTLAND
VESTLAND FYLKESKOMMUNE

Kopi til:

Lerøy Vest AS, Sjøtroll Havbruk AS v/Nils Arve Eidsheim